

**Vest Telemark Nei til EU sin høyringsuttale til NOU 2012:2
"Utenfor og innenfor" (Europautredningen)**

Vedtatt av Vest Telemark Nei til EU sitt styre 3.mai 2012

Europautredningen la i januar fram NOU 2012:2 "Utenfor og innenfor - Norges avtaler med EU". I utredningen sitt mandat heiter det blant anna: «Utvalgets arbeid skal være forskningsbasert og ledes av forskere med høy faglig troverdighet. Det skal gis rom for brede og kritiske faglige vurderinger.»

Dokumentet er sendt på høyring i regi av Utenriksdepartementet, med frist 6. mai. Regjeringen skal legge frem ei melding for Stortinget om Norge sitt forhold til EU.

Dette notatet er Vest Telemark Nei til EU sitt høyringssvar, vedtatt av styret 3.mai.

Hovedmerknad

Vest Telemark Nei til EU er tilfreds med at det er gjennomført ei evaluering av Norge sitt forhold til EU - både den heilt spesielle EØS-avtalen og dei øvrige 73 avtalene Norge har inngått med EU. Utredningen gir eit godt kunnskapsgrunnlag for ein viktig samfunnsdebatt i Norge.

Vest telemark Nei til EU er tilfreds med at utredningen skal ha form av ein NOU. Dette må Regjering fylgje opp med ei stortingsmelding, noko som bidreg til ein brei samfunnsdebatt om viktige spørsmål som NOU-en reiser. Me er glade for å bidra.

Vest Telemark Nei til EU meiner det er beklageleg mangel at Europa-utredningen ikkje fekk mandat til å vurdere alternativer til EØS. I ein situasjon der norsk EU-medlemskap står som eit ikkje-alternativ på grunn av folkemeinga, vert debatten haltande dersom den ikkje og tar opp i seg at Norge har val-mogleikar, som vil kunne ivareta på ein god måte dei svakheter ved EØS som blant anna kjem fram i Europautredningen.

Vest Telemark Nei til EU vil derfor peike på "Alternativrapporten" frå prosjektet "Alternativer til dagens EØS-avtale" som gir eit viktig og supplerande bidrag til samfunnsdebatten om EØS og til regjeringen sitt arbeid med å utarbeide ei stortingsmelding.

Vest Telemark Nei til EU meiner det teikner seg eit viktig bilete etter Europautredningen sin alvorlige kritikk av EØS-avtalen sitt demokratiske underskudd. Saman med det faktum at det foreligg eit rekordhøgt antall konfliktsaker mellom EU og Norge, samt Alternativrapporten sin dokumentasjon av at Norge har ei rekke valgalternativ, viser dette at det norske samfunnet treng ein ny EU-debatt; ein åpen, brei og demokratisk debatt om kva framtidig alternativ Norge vil vere best tent med i vårt samarbeid og vår handel med Den

europæiske union. EØS-avtalen er ikkje hogga i stein. Den har ein oppseiingsklausul, og mange har tatt til orde for ei endring av avtalen - i ulike retningar. Denne debatten vil me bidra til. Me forventar ein åpen debatt fra både Regjeringa, Stortinget og dei politiske partia.

I vår høyringsuttale vil me i all hovudsak fokusere på EØS-avtalen, men me fremmer og synspunkt blant annet på Schengen-avtalen, det utenrikspolitiske samarbeidet og det utdanningspolitiske samarbeidet.

Vårt hovedsynspunkt er:

Vest Telemark Nei til EU vil anbefale Regjeringa å ta med ei brei vurdering av moglege alternativ til EØS i den kommende stortingsmeldinga. Det er den eineste måten å svare opp den voksende uroen og motstanden mot EØS på, inngje tillit og bevare legitimitet overfor folk. Det hviler et særskilt ansvar på regjeringspartiene til å sikre nettopp dette.

Kommentar til Europautredninga sitt delkapittel

6.4.6 Reservasjonsretten

Misvisande om reservasjonsretten sin sannsynlege verknadar. Utredningen gjev ei mangelfull framstilling av verknaden ved bruk av reservasjonsretten og ein eventuell suspensjon av avtalen sin berørte del.

NOU-en konkluderar: "Det er samtidig lite sannsynlig at EU vil velge å ikke gjøre noen ting dersom Norge bruker reservasjonsretten."2 Dette høver dårleg med forløpet så langt rundt reservasjonen mot EU sitt tredje postdirektiv.

Delkapittel 10.5 EFTA sitt overvåkningsorgan (ESA)

Mangelfullt om ESAs aktivitet

Me ser at Europautredningen ikkje i tilstrekkeleg grad tar hensyn til viten frå (åpne) kilder som trekker i ein retning utvalget tilsynelatande ikkje er åpne for. ESA er ein kontroversiell instans i Norge, mest spissformulert av nåværende statsråd Giske, som har karakterisert organet som "mer katolsk enn paven". Det er svært gode grunnar til å gå inn i ein kritisk analyse av overvåkingsorganet.

Kapittel 16 Arbeidsliv

Vest Telemark Nei til EU støtter mindretallet si framstilling av virkeligheten. Me meiner det ikkje er dokumentert at EØS-avtala er ein hovudårsak til den gode utviklinga i norsk arbeidsliv og norsk økonomi siden 1994. Det virker vel så sannsynleg at utviklinga i Norge primært kan forklarast med særegne nasjonale forhold. Me meiner dessuten at utvalget underkommunerer EØS-avtalen si tyding, utfordringer for norsk arbeidsliv og den norske modellen.

Kapittel 17 Velferd og helse

Fleirtalet i utvalet peikar på den eine sida på at norsk helse- og velferd er lite berørt av EØS-avtala. På den andre sida trekk dei fram positive effektar av avtala, og på område der Noreg tradisjonelt har vore føregangsland, som til dømes på likestillingspolitikken og i alkoholpolitikken. Problematiske sider

ved til dømes pasientrettighetsdirektivet blir underkommunisert, medan norsk politikk blir framstilt som enten å gå i same retning som EU fordi norske styresmakter ynskjer det, eller at det har flytta norsk politikk i positiv retning, som til dømes gjennom strengare krav til merking av sigarettpakkar eller sterkare aldersrettar. Dei positive sidene ved økonomisk vekst blir knytt til EØS-samarbeidet og gjort til eit grunnlag for velferdsstaten, medan dei eventuelt negative trendane i norske velferds-politikk ikkje blir knytt til EØS-medlemskapen. Denne typen ubalanse framstår i nokon mon som eit mønster i Europautgreiinga.

Kapittel 18 Distrikts- og regionalpolitikk

Vest Telemark Nei til EU stør mindretalet i utvalet i deira merknader til kapittelet, både når det gjeld mål og virkemiddel. Særleg viktig er poenget deira om at dagens framforhandla handlingsrom truleg ikkje automatisk vil bli større i takt med at behova blir det, og at alle avgrensingane i distrikts- og regionalpolitikken er kraftig underkommunisert i dette kapittelet. Vest Telemark Nei til EU er samde med utvalsmindretalet i at internasjonalt samarbeid er både nyttig og viktig, men at framtida for norsk distriktsutvikling er uviss under dagens dynamiske EØS-avtale. Vest Telemark Nei til EU meiner dessutan at Europautgreiinga i liten grad klarer å syne korleis 20 år med EØS-avtala har påverka norsk lokaldemokrati.

Delkapittel 19.1 Energi

Vest Telemark Nei til EU vil konkludere med at mogleiken for nasjonal politisk styring med eit uhyre viktig samfunnsområde vert utfordra og hindra på grunn av EØS.

Delkapittel 19.2 Klima og 19.3 Miljø

Vest Telemark Nei til EU meiner det er påfallande kor ein-sidedig Europautredningens teikner bilete av miljø- og klimapolitikken si tyding for Norge. Utredningen underkommuniserer problematiske sider ved EU sin klimapolitikk, spesielt kvotesystemet og transportpolitikken, samstundes som ein ikkje viser til den viktigaste eksterne rapporten som seier noko om Norge si rolle som pådrivar internasjonalt.

Delkapittel 20.3 Forskning og høgare utdanning

Det er verdt å kommentere og minne om at intensjonen med EØS-avtalen var at utdanningspolitikken skulle vere eit nasjonalt anliggende. Dette har vist seg å ikkje holde stikk. Uten at det vert snakka om har EU sin utdanningspolitikk utvikla seg slik at den i høgste grad preger norsk utdanningspolitikk.

Vest Telemark Nei til EU etterlyser ein tydeleg offentleg debatt, informasjon frå myndighetane og vilje til åpenhet om dei problemstillingane som vert reist rundt EØS-avtalen og norsk utdanningspolitikk.

Delkapittel 21.1 - 21.3 Mat og landbruk

Europautredninga sitt fleirtal overdriv dei positive og bagatelliserer dei negative effektane av EØS-avtala for norske forbrukarar og veterinærfeltet, utan å grunngje dette fagleg. Dei negative effektane av auka import blir framstilt som isolerte problem for norske særinteresser.

Det blir vist forståing for EUs manglande tolmod for auka liberalisering, medan lite vekt blir lagt på den store skeivleiken i EUs favør når det gjeld både handel og manglande utjamning av råvareprisar i protokoll 3. Dei positive effektane av EØS og EUs politikk blir tillagt stor vekt, medan dei negative effektane får liten plass. Vi ser igjen at utvalet har vel så mykje ein politisk som ein forskningsbasert inngang til sine vurderingar. Vurderingane blir einsidige og ubalanserte.

Vest Telemark Nei til EU vil åtvare regjeringa mot einsidig å leggje Europautgreiinga sitt syn til grunn når det no skal utarbeidast ei stortingsmelding. Det er naudsynt at deira syn blir balansert i det vidare arbeidet.

Delkapittel 21.4 Fisk

I følge mandatet skal arbeidet vere forskningsbasert. For dei tema som her er undersøkt, det vil seie Nord-Norge og fiskeri, kan dette ikkje vere tilfelle. Perspektivet er mangelfullt og utvalget har ikkje lykkast i å kritisk undersøke EØS-avtalen sine konsekvenser for fiskerifeltet.

Kapittel 22 Grensekontroll, politisamarbeid og innvandring

Den stadig meir fjernstyrte politikken på det justispolitiske området fører til mindre ordskifte i Noreg, noko òg Europautgreiinga syner til ved fleire høve. Eit reelt folkestyre føreset eit offentleg ordskifte og folket må ha ei forståing av at politisk endring er mogleg. Dette ser ut til å vere stadig meir fråverande under Schengen-regimet.

Kapittel 23 Utenriks, sikkerhet og forsvar

Dette er eit forslag Vest Telemark Nei til EU vil gå sterkt imot. Ramma vil innskrenke handlefridomen. Det er mange dømer på at Norge ikkje følger EU sin politikk, til dømes når det gjeld deltaking i operasjonar. Behovet for åpenhet kan ivaretas på andre måtar. Tvert imot kan ein debatt og eit enda større demokratisk underskudd i forhold til EU. Vest Telemark Nei til EU støtter Europautredninga si påpeiking av manglande åpenhet om norsk utenriks- sikkerhets- og forsvarspolitik opp mot EU. Me forventar at den kommande stortingsmeldinga svarar opp dette.

Kapittel 24 Økonomiske bidrag til EU og EU-landene

Vest Telemark Nei til EU støttar mindretallet si vurdering av at ein slik avtale vil vere negativ for Norge sin forhandlingsposisjon overfor EU. Frivilligheten i ordningane er ein fordel for Norge. At ordninga formaliserast er heller ingen garanti mot framtidige krav frå EU om auka beløp, slik fleirtallet ser ut til å leggje til grunn.

Vest Telemark Nei til EU er prinsipielt imot at Norge skal måtte betale for ein gjensidig markedsadgang i forhold til EU. Me er derimot ikkje motstandarar av at Norge stiller seg solidarisk overfor fattigare europeiske land, men meiner at dette burde vere ein rein nasjonal beslutning.

Når Stortinget nå eingang har gitt etter og auka beløpa så dramatisk, støtter me det bilaterale opplegget med direkte avtaler mellom Norge og enkeltland, ikkje minst for å prøve å hindre den korrupsjon og dei

“forsvinnings-nummer” som me ser knytta til midler kanalisert via EU-systemet. Vi er og positive til mange formål midlene blir bruka til, ikkje minst LO-initiativet om å bruke ein del av midla til å byggje opp eit organisert arbeidsliv i ein del EU-land.

Kapittel 25 Norge sin samla tilknytning til EU

Vest Telemark Nei til EU vil på dette grunnlaget hevde at påstanden om at Norge er “3/4 medlem av EU” eller “3/4 tilknyttet EU” sakner eit forskningsbasert grunnlag, og må avvisast som grunnlaus synsing. Regjeringa må nytte andre og betre metoder enn dei Europautredninga har bruka, dersom det er behov for å få fram ei gyldig kvantitativ beskriving av omfanget av avtaleverket mellom Norge og EU.

Kapittel 26 Europeiseringen av Norge 1992-2011

Vest Telemark Nei til EU meiner det er påfallande at Europautredninga på så vidt mange områder gir misvisande eller villedande informasjon om den faktiske verkeligheten. Dette bør bety at Regjeringa må sikre seg alternative kilder på ei rekke områder når det skal utarbeidast ei stortingsmelding.

Kapittel 27 Utenfor og innenfor – Norge sitt europeiske dilemma

Her ser me og ein mangel på presisjon og ein noko ensidig bruk av kilder frå Europautredninga si side. Dette er påfallande når me veit at den korrigerande informasjon har vært offentleg kjent. Det kan tyde på at Europautredninga burde ha nytta seg av breiare kildetilfang. Det bør til gjengjeld Regjeringa sikre i det vidare arbeidet.

Kapittel 28 Vegen vidare

Vest Telemark Nei til EU støtter de fleste andre meir avgrensa forslaga på ulike områder:

- Innarbeide krav til ei beskriving av Norge sitt forhold til EU i læreplanane for grunnskule og videregående skule.
- Styrke samarbeid med Eurostat for å muogleggjere analyser av EØS-området samla.
- Styrke ytterligare den offentlege informasjon som vert gitt om europa-politikken og om avtalene sitt innhald og utvikling.
- Foreta ein kritisk gjennomgang av korleis reglane om offentlege anskaffelsar vert utforma på nasjonalt nivå innanfor ramma av EU/EØS-retten.
- Innarbeide årlege oversikt over samla norsk økonomisk bidrag til EU/EØS-systemet i Nasjonalbudsjettet.

Vest Telemark Nei til EU er ikkje avvisande til endringar i forhold til dagens praksis. Særleg endringar som kan bidra til ein opplyst og demokratisk debatt, endringar som kan frambringe ny viten, og endringar som kan avgrense tap av norsk suverenitet vil ha vår fulle støtte. Endringar som kan ha som konsekvens ein ytterlegare tilpasning

til EU har verken støtte i det norske folk eller i Nei til EU. Me stiller oss svært kritisk til at Europautredningen fremmer eit radikalt forslag om ein ny samarbeidsmodell innanfor rammene av EØS, med basis i at utvalget ikkje fekk mandat til å utrede alternativer til dagens EØS-avtale. Me etterlyser derfor ein mykje breiare tilnærming når alternativer til dagens EØS-avtale skal vurderast.

Avsluttande kommentar angående Europa-utredningen sitt gjennomgåande perspektiv på forholdet mellom Norge og EU

Konfliktpotensialet knytta til EU-lovgivning og ESA/EFTA-behandling av EU-lovgivning er betydeleg. Det er kime til konflikt i ytterligare saker enn dei som her er nemnt. Det vil ikkje bli ro om EØS-avtala framover. Det bare understreker behovet for å sjå om det finnes alternativer som kan redusere konfliktpotensialet og skape ei betre og meir ryddig situasjon, og som betre ivaretar norske interesser i orholdet mellom EU og Norge.